

**Sak 29-26    CAMPUS HALLINGDAL - DRØFTING AV FRAMTIDIG SAMARBEID MELLOM HALLINGDAL OG USN****Bakgrunn:**

Styret ved Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) behandla 7. mai 2026 saka om framtidige studietilbod i Hallingdal. Styret fatta slikt vedtak:

«USN avvikler dagens forsøk med fast fysisk tilstedeværelse i Hallingdal med lokasjon i Gol. Styret gir rektor fullmakt til å videreutvikle fleksible og desentraliserte studier i Hallingdal med utgangspunkt i USNs eksisterende fagmiljøer. Videre arbeid forutsetter at finansiering fra Kunnskapsdepartementet opprettholdes.»

Etter at styret fatta dette vedtaket har det vore møte mellom leiinga i USN og Hallingdal der styrevedtaket er noko nyansert. Dette vil bli presentert i Regionrådsmøte.

I denne saka inviterer me Regionrådet til å drøfte framtidig samarbeid mellom Hallingdal og USN. Me legg til grunn konseptbeskrivinga frå 2023 der utgangspunktet var intensjonsavtala som vart inngått mellom USN og Regionrådet, og me har sett på kva strategiar dagens leiing ved USN har for studietilbodet i Hallingdal.

**Vurdering:**

Begge dokumenta, både det frå 2023 og det frå 2026, tek utgangspunkt i utfordringar som utdanningsnivå, fråflytting av ungdom og eit stort behov for kompetanse i både offentleg og privat sektor. Målet er også likt - å gi fleire moglegheit til utdanning der dei bur, styrkje koplinga til arbeidslivet og bidra til utvikling i regionen.

Den største skilnaden ligg i korleis ein vil løyse dette. Campus-konseptet frå 2023 legg opp til ein fast, fysisk campus på Gol, med ambisjonar om å bygge opp eit sterkt fagmiljø med både undervisning, forskning og regional utvikling. Dette kan gi ein tydeleg identitet, skape arbeidsplassar og bidra til innovasjon og samfunnsutvikling, men krev store investeringar og inneber høg risiko, særleg dersom studentgrunlaget blir for lite.

Den nyare modellen er meir fleksibel og byggjer på desentraliserte og modulbaserte tilbod utan ein fast campus. Denne løysinga er rimelegare, enklare og er betre tilpassa vaksne studentar og små grupper. Samtidig vil denne modellen vera mindre synleg, gje færre ringverknader lokalt og svakare grunnlag for forskning og fagmiljø. Den kan minne litt om ein studiesentermodell.

Det Hallingdal jobba for og gjekk inn i 2023 har vorte noko anna i dag. Er det likevel god nok til at me skal satse vidare eller skal Hallingdal endre tankegang når det gjeld utdanningsplassar?

Dette er ei drøftingssak. Det vil vere klokt på bruke litt tid på å konkludere, men det er viktig at kommunane i Hallingdal set seg inn i – og drøftar saka.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet drøfta saka.

Hallingdal, 20. mai 2026

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar